



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Miljøvernavdelinga

Saksbehandlar: Bjarne Nes, tlf. 57 65 51 49

Inspeksjonsrapport

Saksnummer: 2008/1496

Informasjon om verksemda

Namn: Førde kommune	Dato for inspeksjonen: 02.06.2008
Adresse: Postboks 338, 6802 Førde	Telefon: 57 72 20 00
Besøksadresse:	Organisasjonsnr.: 963 923 511
Kommune/kommunenr.: Førde / 1432	Bransjenr. (NACE-kode): 75.110

Tilstades under kontrollen

<u>Frå verksemda/kommunen:</u> Fredrik Frøyland Einvald Osland	<u>Frå Fylkesmannen:</u> Gunn Helen Henne Bjarne Nes
--	--

Hovudtema for kontrollen

- Status for gjennomføring av nye krav
- Dokumentasjon av storleik på utslepp
- Overløp av ureinsa avløpsvatn
- Prøvetaking
- Risikovurdering
- Avviksbehandling

Resultat frå kontrollen

Rapporten omtalar eventuelle avvik som vart avdekkja, og merknader som vart gjevne under kontrollen. Definisjon av avvik og merknader er gjevne på side 2.

Fylkesmannen avdekkja 2 avvik og gav 1 merknad ved kontrollen.

Oppfølging etter kontrollen

Fylkesmannen pålegg kommunen å gje ei skriftleg tilbakemelding der de gjer greie for dei tiltaka som er gjennomførte og eventuell tidsplan for ytterlegare tiltak for å rette opp avvik. Kommunen vert òg bedt om å kommentere dei tilhøva som er omtalt som merknader.

Frist for skriftleg tilbakemelding er: 31.08.2008.

Pålegget om skriftleg tilbakemelding er gjevne med heimel i forureiningslova § 49. Vedtaket kan påklagast innan 3 dagar etter at pålegget er motteke, jf. forvaltningslova § 14. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast Fylkesmannen.

Stad: Leikanger

Dato: 24.06.2008

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Bjarne Nes
senioringeniør

Definisjon på avvik og merknader

Avvik: Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga, t.d. brot på krav i ureiningslova, produktkontrolllova, forskrifter med heimel i desse to lovene, eller krav og vilkår fastsett i utsleppsløyve eller dispensasjonar.

Merknader: Eit tilhøve som tilsynsetatane finn naudsynt å peike på for å ivareta helse, miljø og sikkerheit, og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Informasjon om vedtak om tvangsmulkt

Dersom Fylkesmannen ikkje har motteke den skriftlege tilbakemeldinga innan fristen, kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt blir gjeve med heimel i forureiningslova § 73. Ei eventuell tvangsmulkt kan fastsetjast som eit eingongsgebyr eller eit løpande dagsgebyr som gjeld så lenge tilbakemeldinga ikkje er motteke.

Kontrollaksjonen Avløp 2008

Kontrollaksjonen skal bidra til å verne miljøet mot uheldige verknader frå utslepp av kommunalt avløpsvatn. Målet med aksjonen er å kontrollere at kommunalt avløpsvatn vert reinsa i samsvar med avløpsregelverket. Ved denne aksjonen skal ureiningsstyresmaktene m.a.:

- Kartlegge status for gjennomføring av nye krav.
- Bidra til at nye krav vert gjennomført innan fastsett frist.
- Medvirke til betre datakvalitet

Aksjonen er retta mot avløpsanlegg i større tettstader ("tettbebyggelse"). Med større tettstader er her meint tettstader med samla utslepp større enn 2000 personekvivalentar (pe) til elvemunning og ferskvatn, eller samla utslepp større enn 10 000 pe til sjø. Dette er avløpsanlegg som er omfatta av kapittel 14 i "Forskrift om begrensning av forurensning" (ureiningsforskrifta), der fylkesmannen er ureiningsstyresmakt.

Nye krav til avløpsanlegg

Kapittel 14 i ureiningsforskrifta tok til å gjelde 1. januar 2007. Kapitlet inneheld minimumskrav til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå større tettstader. Det er m.a. nye krav til reinsing, overløp og prøvetaking. Nye reinsekrav tek til å gjelde seinast 31.12.2008. Reinsekrava er avhengig av tilstand i resipienten og kva områdetype den ligg i.

Informasjon om kommunalt avløp

Meir informasjon og hjelpemiddel om avløpsregelverket finn ein på www.sft.no/avlop .

Resultat av kontrollen.

Avvik

Avvik 1: Internkontrollen for avløpssektoren har vesentlege manglar

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5, punkt 4 - 8.

Kommentar: Førde kommune har ikkje eit oppdatert dokumentert system for internkontrollen på avløpssektoren. Det er m.a. ikkje gjort noko oppdatert risikovurdering av dei ulike delane av avløpsanlegget for Førde by, og ansvar/oppgåvefordeling er ikkje skriftleg dokumentert. Kommunen er i gang med bygging av nytt reinseanlegg (jf. òg merknad 1), og opplyste at dei har venta med ein gjennomgang av internkontrollen til dette anlegget er på plass.

Det vart vidare opplyst at deler av internkontrollen som er utarbeidd for vassverket også vil gjeld for avløpssektoren, m.a. avvikssystemet. (Det vart lagt fram ein omfattande dokumentasjon for drifta av vassverket).

Kommunen har eit omfattande avløpsanlegg med leidningar, pumpestasjonar, overløp, og pr. i dag eit eldre sil-/ristanlegg. Ein internkontroll må omfatte alle delar av avløpsanlegga, og må sjølvstendig oppdaterast etter kvart som nye anlegg kjem til.

Avvik 2: Utsleppskontrollen har manglar

Avvik frå: Utsleppsløyve datert 11.04.2007, punkt 3.5, jf. ureiningsforskrifta § 14-12, jf. kapittel 11, vedlegg 2.

Kommentar: Ved avløpsanlegg større enn 20.000 pe skal avløpsvatnet analyserast på tungmetall. Dette er analysar som skal gjerast uavhengig av kva reinsing avløpsvatnet har, og formålet er m.a. å oppdage og om nødvendig setje i verk kartlegging og tiltak dersom prøvene viser høge verdiar av tungmetall.

Merknader

Merknad 1: Kommunen har ein tidsplan som tilseier at reinsekrava ikkje blir oppfylte innan fristen.

Kommentarar: Førde kommune fekk den 11.04.2007 nytt utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn frå Førde by. Løyvet vart gitt på grunnlag av bestemmelsane i kapittel 14 i ureiningsforskrifta, og for eit anlegg på inntil 28.000 pe. Byggjearbeidet på reinseanlegget har kome i gang, men under kontrollen fekk vi opplyst at anlegget først skal stå ferdig i april 2009. Då dei nye reinsekrava tek til å gjelde allereie frå 31.12.2008, vil kommunen såleis ikkje kunne oppfylle desse innan fristen.

Ut frå dei opplysningane vi fekk om framdrifta, vil Førde kommune frå 31.12.2008 få avvik i høve til utsleppsløyvet frå 11.04.2007, jf. §§ 14-8 og 14-17 i ureiningsforskrifta.

Andre forhold

Førde kommune har over fleire år gjennomført ei omfattande oppgradering og utbygging av avløpsnett i Førde by, med sanering av utslepp til vassdraget og samling av avløpsvatnet til utslepp i fjorden. Avløpsnett synest å vere av høg standard, og kommunen ser ut til å ha god kontroll med avløpsmengder og overløp. Likeeins synest alarmsystem og vaktordningar å vere godt

utbygt. Det bør difor vere gode føresetnader for eit velfungerande og miljømessig godt avløpsanlegg i Førde når nytt reinseanlegg vert sett i drift.